



KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Arve Meidell, 55 57 21 10

Fråsegn - offentlig ettersyn - Kvinnherad - 154/32, 17 mfl - Sunde - Pollen næringsområde - detaljregulering - PlanID 20220008

Vi viser til brev frå Kvinnherad kommune datert 09.06.2023 der detaljreguleringsplan for «Pollen næringsområde» (planID 20220008) vert lagt ut til offentlig ettersyn/høyring med uttalefrist 21.07.2023.


Statsforvaltaren bad i e-post datert 11.07.2023 om utsett frist til 11.08.2023 då 3 av dei 6 vekene planen ligg ute til offentlig ettersyn er i fellesferien. Etter skriftleg puring og seinare telefonsamtale med avdelingsleiar 18.07.2023 fekk vi munnleg avslag på førespurnaden om utsett frist då kommunen ønskjer å slutthandsame planen i inneverande periode.

I tillegg viser det seg at oversendinga frå kommunen berre inneheldt sjølve oversendingsbrevet og saksprotokollen. Samtlege plandokument, planomtale – plankart – føresegner – ROS-analyse mv., mangla. Vi har denne gongen sjølv lasta ned desse dokumenta frå kommunen si nettside.

Vi gjer kommunen merksam på at alle dokument skal følgje ved saka ved oversending.

Bakgrunnsinformasjon

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for utvikling av nærings- og industritomter på gbnr. 154/17 mfl. Området skal nyttast til næringsbygningar, som omfattar industri-, handverks-, service- og lagerverksemd med tilhøyrande infrastruktur. Det er tillate med kontor, men desse skal vera knytt til etablerte verksemdar innanfor planområdet. I tillegg ønskjer kommunen at delar av høvesvis gbnr. 154/235 og 154/2 vert inkludert i planområdet for å regulere dette til parkering for turgåarar, då området er ein viktig innfallspurt til eit friluftsområde. Dette området som i gjeldande KPA er sett av til LNF-føremål, er alt planert ut og i dag i praksis nytta til parkering. Planområdet som utgjer om lag 25 daa, har tidlegare vore i bruk som steinbrot/massedeponi.



Kommunen har elles vurdert planarbeidet til ikkje å utløyse krav om konsekvensutgreiing.

Statleg samordning

Jf. brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 22.12.2017 er Statsforvaltaren (tidlegare Fylkesmannen) delegert mynde til å samordne statlege motsegner til kommunale planar etter plan- og bygningslova.

Statsforvaltaren i Vestland samordnar fråsegner frå statlege styresmakter til kommunale arealplanar i saker der det er fremja motsegn. I denne saka ligg det per 10.01.2023 ikkje føre framlegg om motsegner frå andre statsetatar, men NVE har i brev datert 28.06.2023 gjeve ei generell fråsegn i saka.

Statsforvaltaren si fråsegn ved oppstart

Ved oppstart av planarbeidet skreiv vi i brev datert 29.11.2022 at vi legg til grunn at planarbeidet tek omsyn til relevante statlege og regionale rammer og føringar. Vi påpeikte vidare særleg følgjande tema knytt til arbeidet og som vi såg behov for nærare utgreiingar kring:

- Avgrensing av planområdet
- Jordvern
- Friluftsliv
- Støy
- Ros-analyse

Vi kjem attende til dette under våre merknader til planframlegget.

Statsforvaltaren sine merknader til planframlegget

Innleiingsvis vil vi bemerke at vi finn det uheldig at kommunen legg planforslag ut til offentlig ettersyn med kortaste lovlege frist midt i fellesferien, dvs. 6 veker jf. pbl. § 12-10 første ledd. I realiteten har då fleire av høyringsinstansane berre 3 veker til rådvelde, og det før ein har trekt frå tid til ivaretaking av Statsforvaltaren sine samordningsfunksjon. Vi minner om ordlyden i pbl. § 1-4 andre ledd der det står:

Plan- og bygningsmyndighetene skal samarbeide med andre offentlige myndigheter som har interesse i saker etter plan- og bygningsloven og innhente uttalelse i spørsmål som hører under vedkommende myndighets saksområde.



Og vidare pbl. § 3-2 tredje ledd første setning som seier:

Alle offentlige organer har rett og plikt til å delta i planleggingen når den berører deres saksfelt eller deres egne planer og vedtak og skal gi planleggingsmyndighetene informasjon som kan ha betydning for planleggingen.

Når kommunen på førespurnad heller ikkje gjev utsett frist, så er det grunnlag for å stille spørsmålsteikn ved om saka er tilstrekkelg opplyst til at kommunen kan fatte vedtak i saka, jf. krav til forsvarleg utgreiing i forvaltningslova § 17 første ledd første setning som seier:

Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes.

Vi gjer difor eksplisitt merksam på at denne tilbakemeldinga er basert på rask gjennomlesing av dei saksdokument vi sjølv har funne og lasta ned frå kommunen si heimeside. Grunna den korte fristen har ikkje Statsforvaltaren hatt tid til å foreta ein grundig gjennomgang av saka.

Planframlegget er elles i det alt vesentlege i samsvar med kommuneplanens arealdel for Kvinnherad kommune. Kommunen konkluderer difor med at sentrale spørsmål knytt til m.a. jordvern alt er avklart i overordna plan. Statsforvaltaren meiner likevel at kommunen framleis må gjere vurderingar av dei kvalitetar og verdiar som er i planområdet med omsyn til naturmangfald, jordvern, friluftsliv, støy, samfunnstryggleik osb. slik at ein i planframlegget i størst mogeleg grad tek i vare dei kvalitetar og verdiar som finst. Planomtalen seier generelt lite om kva som ligg til grunn for konklusjonane knytte til dei einskilde temaa. Særleg gjeld dette for den delen av arealbruken som ikkje er i samsvar med overordna plan.

I kapittel «7 Verknader og konsekvensar av planframlegget» står det t.d. innleiingsvis:

Der planframlegget ikkje er i tråd med overordna plan (noko LNF), er det vurdert at ei omdisponering ikkje vil gje vesentlege negative verknader med omsyn til friluftsliv, natur eller landskap. Planframlegget er ikkje vurdert å vere i konflikt med gjeldande omsynssoner i KPA.

Dette er konklusjonar, men utan at det går tydeleg fram kva desse konklusjonane byggjer på og kva vurderingar som faktisk er gjort. Vi saknar med andre ord meir informasjon.

Eit par andre døme på slike knappe vurderingar/konklusjonar er omtalen av høvesvis «rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk» og «barn og unges interesser» der det berre står:

7.7 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk

Då eksisterande gangsti vert sikra i planen, er ikkje planframlegget vurdert å gi negative konsekvensar for rekreasjonsinteresser.

7.15 Barn og unge sine interesser

Eksisterande sti til Trollskogen og andre turområde vert ivareteke. Det er ikkje vurdert at planframlegget vil gje negative verknader for born og unge sine interesser.

Slik vi ser det, vil t.d. etablering av eit næringsområde med tilhøyrande aktivitetar inklusive støy, kunne medføre vesentlege og negative verknader både for rekreasjonsbruk og barn og unges interesser. Dette vert ytterlegare forsterka ved at området er oppgjeve å vere ein viktig innfallsport til eit friluftsområde.



Jordvern

Vi gjer merksam på at regjeringa i mai la fram ny jordvernstrategi der målet for omdisponering av dyrka mark er sett til maksimalt 2000 daa per år. Planframlegget omfattar 3,6 daa fulldyrka jord. Av dette vil om lag 2 daa verte påverka, medan resterande 1,6 daa vil verte liggjande i LNF-føremål.

Med omsyn til omdisponering av fulldyrka mark står det følgjande i planomtalen:

Sjølv om planframlegget får verknader for dyrka mark, er det vurdert som eit viktig moment at eigedomen allereie er avsett til byggjeføremål i gjeldande kommuneplan. Dette betyr at spørsmålet om omdisponering av jorda allereie er avgjort i overordna plan.

Vi saknar likevel ei vurdering av alternative løysingar som eventuelt kunne spart all fulldyrka jord, då statlege føringar kva gjeld jordvern er vesentleg endra etter at kommuneplanen vart vedtatt.

Støy

Nettopp støy var eitt av fleire punkt vi kommenterte i vår fråsegn til oppstartvarselet. I planomtalen vert det vist til T-1442/2016. Vi gjer merksam på at denne retningslina vart revidert i 2021. Planføresegnene viser elles til krav i T-1442. Slik vi ser det, så kunne føresegnene med føremon vore ytterlegare spissa. Vi ser ikkje at planen viser konkret til kva ny type støy eit næringsområde kan påføre omgjevnadane, t.d. område med verdi for friluftslivet (stille område), og korleis ulemper knytt til dette ev. kan verte unngått eller korleis dei bør avbøtast.

ROS-analyse

Innleiingsvis registrerer vi at det ikkje er samsvar mellom nemningane som er nytta i tabellen for sannsynskategoriar og sannsynskategoriane i ROS-matrisa.

SANNSYNSKATEGORIAR		
I TABELL	NR	I ROS-MATRISSE
Særs lite sannsynleg	S1	Lite sannsynleg
Lite sannsynleg	S2	Moderat sannsynleg
Moderat sannsynleg	S3	Sannsynleg
Sannsynleg	S4	Veldig sannsynleg
Mykje sannsynleg	S5	Svært sannsynleg

Dette er ein mangel som kan medføre alvorlege mistydingar og såleis få konsekvensar for m.a. liv og helse.

Sjølv om ein ikkje legg opp til etablering av storulykkeverksemder i planområdet, så kan risikoen likevel verte stor innafør eit næringsområde. Føresegnene bør difor innehalde krav om at det ved etablering av verksemder der det skal handterast t.d. farlege stoff så skal det før etablering utarbeidast ROS-analyse som dokumenterer at risikoen framleis er innafør akseptable grenser, både for den einskilde verksemda isolert sett, og for samla risiko i området (kaskade/dominoeffektar). Tilsvarande kan det òg liggje særskilt sårbare objekt i, eller i tilknytning til planområdet som krev særleg merksemd. Dette er etter det vi kan sjå, heller ikkje kommentert i planen.



Naturmangfald

Det er i planomtalen i tabellform gjort ei vurdering opp mot naturmangfaldlova §§ 8-12. Vi har ikkje særlege merknader til dette, men vi saknar eit avsnitt om handtering av eventuelle framande artar i planføresegnene.

Konklusjon

Statsforvaltaren har fleire vesentlege merknader knytt til utgreiingsnivået generelt i det føreliggjande planforslaget.

Normalt ville vi invitert kommunen til dialogmøte om saka, men når kommunen av tidsmessige omsyn ikkje kan gje oss utsett høyringsfrist, så legg vi til grunn at kommunen heller ikkje er interessert i dialogmøte.

Sjølv om fleire av tilhøva som er nemnde ovanfor kvar for seg er **tilstrekkeleg grunnlag til å fremje motsegn** til planforslaget, så har Statsforvaltaren konkludert med å ikkje gjere det grunna noverande situasjon/arealbruk (steinbrot/massedeponi) i området og at kommuneplanen opnar for noko næringsverksemd i området.

Vi legg likevel til grunn at merknadane våre vert vurderte og følgde opp, før kommunen tek planen opp til slutthandsaming.

Vi minner òg om at kommunen som planmyndigheit har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at planen er i samsvar med gjeldande lov- og forskriftsverk, statlege planretningslinjer mv.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Arve Meidell
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent